



# Innst. 42 S

(2013–2014)

## Innstilling til Stortinget fra utenriks- og forsvarskomiteen

Prop. 22 S (2013–2014)

### Innstilling fra utenriks- og forsvarskomiteen om endringer i statsbudsjettet for 2013 under Utenriksdepartementet

Til Stortinget

#### 1. Sammendrag

Under programområde 2 Utenriksforvaltning blir det gjort framlegg om auka løyvingar til kontingentar i internasjonale organisasjonar som Noreg er medlem i. Det er m.a. eit mindrebehov knytta til FN-kontingentar, men eit meirbehov til fredsbevarande operasjonar og NATO.

Under programområde 3 Internasjonal utviklingshjelp blir det gjort framlegg om auka løyving til hjelpetiltak på Filippinane, auka løyving til opphaldsutgifter m.m. for asylsøkjjarar og flyktningar i Noreg og enkelte omfordelingar.

##### 1.1 Forslag til løyvingar

###### *Programområde 2 Utenriksforvaltning*

Innanfor programområde 02 Utenriksforvaltning blir det gjort framlegg om tilleggsløyvingar på netto 97,3 mill. kroner, relatert til følgjande område:

###### *Kap. 100 Utenriksdepartementet*

###### POST 1 DRIFTSUTGIFTER

I samband med etablering av ei spesialrådstilling for forsvarssaker ved ambassaden i Madrid vart det i 2002 overført midlar til dekking av lønns- og driftsutgifter frå Forsvarsdepartementet til Utenriksdepartementet. Stillinga vart avvikla med verknad frå 1. september 2013, og det blir difor foreslått å til-

bakeføre 919 000 kroner til Forsvarsdepartementet, jf. omtale i proposisjonen til Forsvarsdepartementet.

Det blir gjort framlegg om reduksjon i løyvinga på posten med 919 000 kroner.

###### *Kap. 116 Deltaking i internasjonale organisasjoner*

###### POST 70 TILSKOT TIL INTERNASJONALE ORGANISASJONAR

I saldert budsjett 2013 er det løyvd 1249,041 mill. kroner til pliktige kontingentar i internasjonale organisasjonar Noreg er medlem i. Etter at 2013-budsjettet vart vedteke er det kome enkelte endringar i kontingenten for 2013, m.a. grunna endra valutakurs m.m.:

###### FN OG FREDSBEVARANDE OPERASJONAR

Det er eit mindrebehov på 15,620 mill. kroner til FNs regulære bidrag, medan det er eit meirbehov på 106,978 mill. kroner til FNs fredsbevarande operasjonar.

Løyvingane til FNs fredsbevarande operasjonar vart redusert i 2012 som følgje av fastlåste forhandlingar om budsjettet, og fleire utbetalingar knytta til budsjettåret 2012 kom først til utbetaling i 2013. Endring i utbetalingstidspunkt skuldast også at finansieringa av operasjonane er knytta opp mot tidspunktet for vedtak av operasjonsmandata – som er fordelt over heile året.

###### NATO

For NATO er det eit samla meirbehov på 9,342 mill. kroner, i hovudsak knytta opp til at deler av 2012-kontingenten først kom til utbetaling i 2013 og at det er eit mindrebehov i 2013 knytta til bygging av NATO sitt nye hovudkvarter.

Det blir gjort framlegg om ei tilleggsøyving på 98,203 mill. kroner.

### **Programområde 03 Internasjonal utviklingshjelp**

I Prop. 191 S (2012–2013) Endringer i statsbudsjettet 2013 under Utenriksdepartementet (humanitær bistand til Syria, Sør-Sudan og området rundt de store sjøer i Afrika) er det foreslått 350 mill. kroner i auka løyving. Auka tilstrøyming av asylsøkjjarar og flyktningar til Noreg i år gjer at det er behov for ei tilleggsøyving på 127,1 mill. kroner for å dekke dei ODA-godkjende opphaldsutgiftene, jf. omtale under kap. 167 Flyktningtiltak i Norge, godkjende som utviklingshjelp. 103,6 mill. kroner av tilleggsbehova nemde ovanfor blir foreslått dekkja ved omdisponering innanfor utviklingsbudsjettet, jf. nærmare omtale nedanfor.

Som følgje av naturkatastrofa på Filippinane blir det gjort framlegg om ei tilleggsøyving på 120 mill. kroner, jf. omtale under kap. 163 Naudhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar.

Budsjettet for utviklingshjelp for 2013 blir dermed, jf. endringane omtalt ovanfor, foreslått auka med netto 493,5 mill. kroner til 30 701,7 mill. kroner.

Det blir gjort framlegg om følgjande endringar under programområde 03 Internasjonal utviklingshjelp:

#### **Kap. 150 Bistand til Afrika**

POST 78 REGIONBEVILGNING FOR AFRIKA, KAN OVERFØRAST

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon i løyvinga på 50 mill. kroner pga. forseinking i enkelte prosjekt.

#### **Kap. 163 Naudhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar**

POST 70 NATURKATASTROFAR, KAN OVERFØRAST

Det er behov for stor hjelpeinnsats på Filippinane som følgje av øydeleggingane etter tyfonen Haiyans. Styrken til tyfonen var 3,5 gonger styrken til orkanen Katrina. Det er rekna med at 11,8 millionar menneske er ramma og 920 000 er fordrevne frå heimane sine, og nærmare 250 000 hus er øydelagde. Mangel på infrastruktur er ei stor utfordring for hjelpe- og kartleggingsarbeidet. Den mest akutte hjelpa er til vatn og sanitær, helse og mat.

Myndighetene og FN lanserte 12. november den første konkrete appellen om støtte. Det blir bede om USD 301 mill. til mat, vatn, sanitær, husly, logistikk og opprydding. Appellen er for 6 månader – fram til mai 2014. I tillegg har det internasjonale Raudekross-systemet lansert ein eigen appell på USD 100 mill. Denne er tett koordinert med myndigheter og FN.

Behova er svært store og det er viktig å hjelpe til raskt. Regjeringa har hittil gitt 60 mill. kroner i hjelp. Regjeringa foreslår å yte ytterlegare 120 mill. kroner i hjelp. Det blir difor i denne proposisjonen gjort framlegg om 120 mill. kroner i tilleggsøyving.

#### **Kap. 166 Miljø- og bærekraftig utvikling m.m.**

POST 71 INTERNASJONALE PROSESSAR OG KONVENSJONAR M.M., KAN OVERFØRAST

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon i løyvinga på 3,6 mill. kroner. Etter dette er disponibel løyving på posten i år 40,9 mill. kroner.

POST 72 INTERNASJONALE MILJØPROSESSAR OG BEREKRAFTIG UTVIKLING, KAN OVERFØRAST

I denne proposisjonen vert det gjort framlegg om å overføre 200 mill. kroner frå kap. 166 post 73 Klima og skogsatsinga til kap. 166 post 72 Internasjonale miljøprosessar og bærekraftig utvikling, 100 mill. kroner til Den globale stiftelsen for avlingsmangfald (Global Crop Diversity Trust/GCDT) sitt Endowment Fund, 40 mill. kroner til eit benefit-sharing fond under Plantetraktaten og 60 mill. kroner til eit fond for kortliva klimagassar.

Når det gjeld GCDT Endowment Fund, ligg det i fondets natur at det berre er avkastning av fondet (inntil 4 pst.) som kan brukast. Det blir difor gjort framlegg om forslag til romartalsfullmakt for å kunne betale dette ut til GCDT Endowment Fund i år, jf. forslag til romartal II.

Det blir gjort framlegg om auke i løyvinga på 200 mill. kroner.

POST 73 KLIMA- OG SKOGSATSINGA, KAN OVERFØRAST

Det blir vist til omtale på post 72 ovanfor. Det blir gjort framlegg om ein reduksjon i løyvinga på 200 mill. kroner.

POST 74 FORNYBAR ENERGI, KAN OVERFØRAST

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon i løyvinga på 50 mill. kroner, pga. forseinking i enkelte prosjekt.

#### **Kap. 167 Flyktningtiltak i Noreg, godkjende som utviklingshjelp (ODA)**

POST 21 SPESIELLE DRIFTSUTGIFTER

Som følgje av auka tilstrøyming av asylsøkjjarar og flyktningar til Noreg er det behov for auka løyvingar til opphaldsutgifter m.m. Det blir i denne samanhengen vist til omtale i proposisjonane til Justis- og beredskapsdepartementet, Barne-, likestillings- og

inkluderingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet som har ansvaret for dette feltet.

Etter OECD/DAC sitt regelverk kan visse førsteårs opphaldsutgifter m.m. knytta til asylsøkjjarar og flyktningar i Noreg klassifiserast som offisiell utviklingshjelp og finansierast over bistandsbudsjettet. Det blir i denne proposisjonen gjort framlegg om ei tilleggsløyving på 127,125 mill. kroner.

## 2. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Svein Roald Hansen, lederen Anniken Huitfeldt, Marit Nybakk, Kåre Simensen og Jens Stoltenberg, fra Høyre, Elin Rodum Agdestein, Regina

Alexandrova, Sylvi Graham, Øyvind Halleraker og Trond Helleland, fra Fremskrittspartiet, Kristian Norheim, Per Sandberg og Christian Tybring-Gjedde, fra Kristelig Folkeparti, Knut Arild Hareide, fra Senterpartiet, Liv Signe Navarsete, fra Venstre, Trine Skei Grande, og fra Sosialistisk Venstreparti, Bård Vegar Solhjell, noterer seg at korrekt post i proposisjon for endringer under kap. 150 Bistand til Afrika skal være «post 78 Regionbevilgning for Afrika, kan overføres».

Komiteen slutter seg til de foreslåtte endringer i statsbudsjettet for 2013 under Utenriksdepartementet.

## 3. Komiteens tilråding

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

### I

I statsbudsjettet for 2013 blir det gjort følgjande endringar:

| Kap.     | Post | Formål  | Kroner      |
|----------|------|---|-------------|
| Utgifter |      |   |             |
| 100      |      | Utanriksdepartementet   |             |
|          | 1    | Driftsutgifter, vert redusert med .....   | 919 000     |
|          |      | frå kr 1 826 422 000 til kr 1 825 503 000   |             |
| 116      |      | Deltaking i internasjonale organisasjonar   |             |
|          | 70   | Tilskot til internasjonale organisasjonar, vert auka med .....                                      | 98 203 000  |
|          |      | frå kr 1 249 041 000 til kr 1 347 244 000   |             |
| 150      |      | Bistand til Afrika  |             |
|          | 78   | Regionbevilgning for Afrika, <i>kan overførast</i> , vert redusert med .....                        | 50 000 000  |
|          |      | frå kr 2 097 300 000 til kr 2 047 300 000   |             |
| 163      |      | Naudhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar  |             |
|          | 70   | Naudhjelp, <i>kan overførast</i> blir auka med .....  | 120 000 000 |
|          |      | frå kr 500 000 000 til kr 620 000 000   |             |
| 166      |      | Miljø og berekraftig utvikling m.m.   |             |
|          | 71   | Internasjonale prosessar og konvensjonar m.m., <i>kan overførast</i> , vert redusert med .....      | 3 600 000   |
|          |      | frå kr 31 000 000 til 27 400 000  |             |
|          | 72   | Internasjonale miljøprosessar og berekraftig utvikling, <i>kan overførast</i> , vert auka med ..... | 200 000 000 |
|          |      | frå kr 168 400 000 til kr 368 400 000.  |             |
|          | 73   | Klima- og skogsatsinga, <i>kan overførast</i> , vert redusert med .....                             | 200 000 000 |
|          |      | frå kr 2 847 600 000 til kr 2 647 600 000   |             |

| Kap. | Post | Formål  | Kroner      |
|------|------|---|-------------|
|      | 74   | Fornybar energi, <i>kan overføres</i> , vert redusert med .....<br>frå 1 377 300 000 til kr 1 327 300 000 | 50 000 000  |
| 167  |      | Flyktningiltak i Noreg, godkjende som utviklingshjelp (ODA)   |             |
|      | 21   | Spesielle driftsutgifter, blir auka med .....<br>frå kr 1 459 558 000 til kr 1 586 683 000                | 127 125 000 |

## II

Stortinget samtykkjer i at Utanriksdepartementet  
i 2013 kan fråvike stortingsvedtak av 8. november

1984 ved utbetaling av 100 mill. kroner i tilskot til  
Global Crop Diversity Trust (GCDDT).

Oslo, i utenriks- og forsvarskomiteen, den 2. desember 2013

**Anniken Huitfeldt**

leder

**Kåre Simensen**

ordfører